




Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg Saksliste

Møte: 2 - 2018
Dato/tid: 9.mars, kl. 9 - 15
Stad: Møterom Regionrådet, Knarvik
Til stades: Helga Ellingsen(Masfjorden), Ingebjørg Søreide(Gulen), Leni Dale(Lindås), Helge Kvam(Meland), Olav Mongstad(Austrheim), Heinz Diehl(Fedje), Nina Kvamme(Osterøy), Grete Herøy(Radøy), Anne Hildegunn Færøy(NUI) og Roar Hansen(Senter for omsorgsforskning Vest, observatør)
Ikkje møtt Ove Sæbø(Modalen)

Saksliste:

Saksnr	Saker	Vedlegg
Kl. 9 - 11	<p>Styringsgruppa for Velferdsteknologiprogrammet Referat frå denne delen av møte vert sendt ut av prosjektleiar.</p> <p>Kommunalsjefgruppa har fått rolla som styringsgruppe for prosjektet. Med bakgrunn i dette vart det stilt spørsmål ved Anne Hildegunn Færøy sin rolle i gruppa.</p> <p>Vedtak: Kommunalsjefgruppa ønskjer at NUI skal vere representert i styringsgruppa og ber om at Anne Hildegunn Færøy blir fast medlem i gruppa.</p>	
11/18	<p>Godkjenning av møteinnkalling og saksliste Godkjent utan merknader.</p>	
12/18	<p>Godkjenning av referat frå møte 2.februar 2018 Referat frå møte 2.februar godkjent utan merknader.</p>	
	<p>Open time og lunsj Leni Dale orienterte om at søknad om midlar til FACT team er skrevet og sendt. Samarbeidsavtale mellom kommunane og Helse Bergen om tilbudet er utarbeidd.</p>	
13/18	<p>Læring- og meistringstilbodet i NH - frå prosjekt til fast tilbod.</p> <p>Kommunalsjefgruppa er positiv til å implementera LMS som eit fast tilbod i regionen, og at dette skal vera eit tilbod til alle kommunane. Det er behov for å få dette formalisert og få på plass ein avtale som viser rammer, gjennomføring og budsjett.</p> <p>Konklusjon: Kommunalsjefgruppa ber om at det vert utarbeidd eit saksgrunnlag som skildrar tilbodet med organisering, ressursbehov og kva kostnader det vil medføra å driva tilbodet.</p>	
14/18	<p>Søknad om skjønsmidlar 2018 Innan området helse og omsorg vert det søkt om skjønsmidlar til Velferdsteknologiprojektet; ein frå Alver kommunane og ein frå dei seks andre. Utover dette søker Lindås kommune om midlar til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - planlegging og gjennomføring av pilot i samband med LKT -prosjektet. - ROS - analyse - samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune 	
15/18	<p>Orientering etter møte i Samarbeidsutvalet for NH 23.februar Gruppa hadde ei kort gjennomgang og orientering om saker som vart handsama i sist møte i SU NH - status for arbeidet med avtalerevisjon, invitasjon frå HOD og KS til deltaking i pilot retta mot samhandlingsleing og utvikling av samarbeidsstrukturen og</p>	 Møte 1-2018 Referat_Samarbeidsutvalet

	<p>sak det SU NH ber om at det vert sett i gang eit arbeid for gjennomgang og revisjon av heile avtalestrukturen. (legg ved referat frå møtet.)</p> <p>Olav Mongstad orienterte frå sist møte i arbeidsgruppa for tenesteavtale 8 der formålet var å ha ein gjennomgang av partane sine innspel til endring av rutinar og for å komma til einighet i saka. I møtet kom dei fram til at partane framleis står langt frå kvarandre når det gjeld punkt i rutinar om samarbeid og kven som skal ha ansvar for mor og barn etter fødsel.</p> <p>Det går nok mot at kommunane må rigga seg for å ta i mot mor og barn tidlegare enn før, og viser til at det er behov for å kartlegga og vurderer kva løysingar det er mulig å få til i NH.</p> <p>Kommunalsjefgruppa er samde i at eit slikt arbeid bør startast og at ein vil setje ned ei arbeidsgruppe av jordmødrer og helsesøstres i regionen.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Olav Mongstad tar kontakt med helsesøster i Masfjorden for å planlegga eit møte der jordmødrer og helsesøster i regionen blir invitert med.</p>	
16/18	<p>Fellesmøter med kommuneoverlegane 20.april</p> <p>Planlegging og vurdering av tema/saker til dette møte. Same dag som fellesmøte er det kalla inn til møte i Administrativ nemnd for legevakta.</p> <p>Det vert sett av 2 timar til fellesmøte med kommuneoverlegane. Anne Hildegunn sender ut påminning og ber om innspel til tema og saker som er aktuelle for dette møte.</p>	
17/18	<p>Avviksmeldingar - samarbeid og samhandling mellom kommune og sjukehus.</p> <p>Gunn Glimsdal, samhandlingssjef på HDS hadde ein gjennomgang av:</p> <ul style="list-style-type: none"> – felles retningsline for melding av avvik på samarbeidsavtaler eller felles rutinar knytt til pasientoppfølginga – mottekne og sendte avvik mellom kommunar og HDS <p>Kommunane sender avvik, men får sjeldan eller aldri svar at det er mottatt. Mangel på respons gjer at færre tar seg tid til å melda avvik.</p> <p>HDS har fått betre rutinar på dette, og skal no ha sendt svar på alle mottatte avvik.</p> <p>Det vart vist til at kommunar mottar svar frå HB, men at dette gir liten meining sidan det ikkje står noko om kva som vert gjort for å lukka avviket. Dette må meldast tilbake til HB.</p> <p>Kommunar mottar i liten eller ingen grad avviksmeldingar frå sjukehusa. Dette er ei utfordring som sjukehusa må arbeida med.</p> <p>Dette temaet blir sak i samarbeidsutvala i mai.</p>	 <p>AWIK mellom spesialisthelsetjeneste</p> <p>http://www.sama.n.no/2836.2079.Retningslinje-for-avvik.html</p>
	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>Anne Hildegunn Færøy orienterte kort om program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027 <i>En satsing for å fremme barn og unges psykiske helse og livskvalitet</i></p> <p>Hordaland fylkeskommune har søkt om å bli programfylke. Dersom dei får tilslag vil kommunane bli invitert til å søkje midlar til å bli programkommunar i denne satsinga. Kommunar kan søkje kvar for seg eller i samarbeid med andre.</p> <p>Helge Kvam orienterte om at <i>Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest</i> sin kommunegruppe vil fungere som referansegruppe for prosjektet «FolkeKommune» - eit innovasjonsprosjekt i offentlig sektor, der målet er å utvikle betre kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet i kommunen. Det blir søkt midlar til prosjektet gjennom Forskningsrådets program FORKOMMUNE.</p>	 <p>Program for folkehelsearbeid i kon</p>